



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tore Larsen  
Telefon: 57 65 51 52  
E-post: tla@fmsf.no

Vår dato  
10.02.2010  
Dykkar dato  
02.01.2010

Vår referanse  
2009/571 - 432.2  
Dykkar referanse

Instedalen Skianlegg BA  
att. Åsmund Berthelsen  
Bekkevegen 13  
6817 NAUSTDAL

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps  
Postboks 15  
6817 NAUSTDAL

## Søknadar om bruk av snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvern- område

Vi viser til søknad frå Instedalen Skianlegg datert 2.1.10, og søknad frå Naustdal Røde Kors Hjelpekorps datert 21.1.10, om bruk av snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvern-område. Søknaden frå Instedalen Skianlegg gjeld løypekøyning frå Vonavatnet, på nordsida av Nausta, til vatna i Godtdalen. Instedalen Skianlegg har ikkje eigen snøskuter, og vil leige andre til å gjennomføre køyninga. Naustdal Røde Kors søkjer om løyve knytt til fleire aktivitetar, men eitt av dei gjeld løypekøyning mellom Vonavatnet og Fosselvekråna, dvs. strekninga inn mot Godtdalen som Instedalen Skianlegg søkjer om. Naustdal Røde Kors har tidlegare utført løypekøyninga for Instedalen Skianlegg, og vi behandlar derfor søknadane frå begge partar under eitt.

Vi viser elles til møte 12.3.09 mellom Naustdal Røde Kors Hjelpekorps, Instedalen Skianlegg og Fylkesmannen, og svar frå oss på tilsvarende søknad i fjor, datert 1.4.09.

**Det blir gitt løyve til løypekøyning med snøskuter frå Vonavatnet til Fosselvekråna fredagar etter klokka 16 fram til og med påskeveka 2010. I påskeveka fram til og med 4. april kan det køyrast annankvar dag frå klokka 16. Det blir vidare gitt løyve til løypekøyning rundt Vonafjellet fredagar etter klokka 16 fram til og med påskeveka 2010, og løyve til køyning av saltstein etter nærare spesifisert rute i tidsrommet frå og med 6. til og med 30. april 2010.**

Arbeidet med ein forvaltingsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvern-område er sett i gang, og i kva grad desse løyva skal vidareførast og om det skal bli gitt fleirårige løyve, må vurderast i planen.

### Søknadane

#### *Instedalen Skianlegg*

Søknaden frå Instedalen Skianlegg gjeld snøskuterkøyning med sporleggjar på nordsida av Nausta, frå Vonavatnet til vatna i Godtdalen. Køyninga er tenkt gjennomført fredag ettermiddag/kveld eller laurdag føremiddag kvar helg frå 1. februar til over påske 2010. I vinterferie- og påskeveka blir det søkt om å få køyre også andre vekedagar dersom det er nødvendig for å halde skisporet ope.

#### *Naustdal Røde Kors Hjelpekorps*

Søknaden gjeld følgjande:

1. Køyning av to løypetrasear (skuterspor) frå Røde Kors – hytta. Den eine går via Vonavatnet til Fosselvekråna (i landskapsvern-området utgjer dette om lag fire av dei seks km inn til Godtdalsvatna), den andre om Vona til Vonastølen og ned Blomsterlidalen til Fimlandsstølen.
2. Køyning av kontrollturar inn til Nesstølen for å sjekke om det er folk i terrenget om ettermiddagane frå palmehelga til og med andre påskedag.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

3. Køyring av løype frå Vona til Longvasshytta i samband med turlaget sin årlege skitur palmesøndag.
4. Køyring av saltstein til beiteområde ved Holebotnen og Longvasshytta (fem lokalitetar merkte på kart. Omsøkt trase er ikkje vist på kartet).

### Vurdering

Verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel på land og på vatn, men listar opp fleire unntak frå det generelle forbodet. Desse unntaka er i stor grad knytt opp mot transportbehov innan jordbruk, skogbruk, jakt og ulike rednings- og oppsynsoppgåver. Verneforskriftene opnar ikkje for å kunne gi løyve til motorisert oppkøyring av skiløyper. Dette får konsekvens for søknaden frå Instedalen Skianlegg, og for punkt 1 og 3 i søknaden frå Naustdal Røde Kors Hjelpekorps. Tilsvarande søknadar i fjor blei derfor behandla etter den generelle dispensasjonsheimelen i paragraf 4 i verneforskriftene, som seier at "forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid eller tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi *og i andre særlege tilfelle, når dette ikkje er i strid med verneføremålet.*" Vi vurderte da at i alle fall delar av den omsøkte løypekøyninga ikkje var i strid med verneføremålet.

Med den nye naturmangfaldlova som blei vedtatt 19. juni i fjor er den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta sletta, og kan ikkje lenger brukast som grunnlag for å gi dispensasjon frå verneforskriftene. I staden må dispensasjonar vurderast ut frå paragraf 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova:

*"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. (...)*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette."*

Løypekøyning kan ikkje definerast inn under omgrep som tryggingssomsyn eller vesentleg samfunnsinteresse, og eventuell dispensasjon må såleis vurderast ut frå i kva grad aktiviteten er i strid med verneformålet og kan påverke verneverdiane. Verneformålet går fram av paragraf 2 i verneforskriftene:

*"Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging."*

Verneformålet legg vekt på fråveret av tekniske inngrep og teknisk tilrettelegging i landskapsvernområdet, noko som tilseier ei forvaltning der lista for motorisert ferdslig ligg høgt. Ut frå dette finn vi det rett å avgrense motorferdsel slik at det t.d. ikkje er aktuelt å gi løyve til reine kontrollturar for å halde auge med om det er folk i terrenget. Løypekøyning kjem etter vårt syn også i konflikt med verneformålet sine føringar om tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging, og i utgangspunktet ser vi heller ikkje noko stort behov for løypekøyning i landskapsvernområdet ut frå verken eksisterande eller forventa bruk av området. Den årlege turen frå Årdal til Nes om Longevasshytta er etter vårt syn ikkje ein aktivitet der køyning av løype eller scooterspor er verken nødvendig eller ønskjeleg, både fordi deltakarane på slike store fellesturar ofte går på brei front og ikkje i eitt enkelt spor, og fordi mange vil oppleve fråveret av teknisk tilrettelegging på ein slik tur som positivt.

Når det gjeld området ved Vonavatnet, ser vi likevel moment som taler for dei omsøkte tiltaka.

Landskapsvernområdet grensar her opp til eit hovudutfartsområde vinterstid for Naustdal kommune, der tilrettelegging ved løypekøyring er ein etablert praksis. Dei omsøkte løypene ligg dessutan i utkanten av verneområdet (det blei under verneprosessen ikkje gjort merksam på den aktiviteten som gjekk føre seg, anna enn ein ikkje nærare spesifisert merknad frå Naustdal kommune om at verneområdet ikkje måtte vere til hinder for Røde Kors sin "aktivitet og motorferdsel i samband med næringsverksemd"). I høve til naturmangfaldlova §48 vurderer vi at avgrensa løypekøyring den korte strekninga rundt Vonafjellet like innom vernegrensene ikkje er i strid med verneformålet sine formuleringar om å ta vare på eit område fritt for tyngre tekniske inngrep og utan særleg teknisk tilrettelegging. Når det gjeld køyring frå Vona til Gotdalen meiner vi derimot at dette tiltaket går for langt inn i verneområdet, og slik bryt med føringa om at området skal vere utan særleg teknisk tilrettelegging. Den kortare turen til Fosselvekråa (Trongefossen) som det blei gitt løyve til i fjor er meir akseptabel, men likevel ikkje uproblematisk. Fylkesmannen har i tillegg fått førespurnader frå publikum om snøskutertrafikken i området i fjor.

Eit viktig moment i samband med søknadane er at arbeidet med ein forvaltingsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er sett i gang. Motorferdsel vil vere eit tema i forvaltingsplanen, m.a. med vurderingar knytt til fleirårige løyve. Vi ønsker ikkje å føregripe desse vurderingane, og kan dermed ikkje vurdere løyve for meir enn eitt år no. Forvaltingsplanen vil også vurdere tilhøvet til den lokale villreinbestanden. Det er kartfesta eit beiteområde for villrein frå Vonamyrane og sørover, som ifølgje Direktoratet for Naturforvaltning sin Naturbase er i bruk heile året. Beiteområdet vil vinterstid kome i konflikt med skuterkøyring og skiutfart generelt, og dette må belyst nærare i forvaltingsplanen. Mellom anna må ein finne ut i kva omfang reinen faktisk bruker dette området i skisesongen på ettervinteren. Køyring for sporlegging i området må derfor bli sett på som ei forsøksordning i år, for nærare vurdering i samband med utarbeiding av forvaltingsplanen.

Vi registrerer elles at Instedalen Skianlegg ikkje har søkt om løypekøyring rundt Vonafjellet. Uavhengig av køyreoppdrag frå Naustdal kommune frå tida før vernevedtaket, bør Naustdal Røde Kors og Instedalen Skianlegg diskutere kva løyper som er mest føremålstenlege, ut frå eit ønskemål om å avgrense motorferdsel i verneområdet. Forvaltingsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde må vurdere i kva grad traseen rundt Vonafjellet er ønskt og eigna for løypekøyring, og om den eventuelt kan erstatte traseen inn til Fosselvekråa dersom denne viser seg å vere i konflikt med villrein eller andre interesser.

Verneforskriftene opnar for at det kan bli gitt løyve til utkøyring av saltstein. I søknaden frå Naustdal Røde Kors Hjelpekorps blir det vist til "trasear som vist på kart". Eit slikt kart følgde ikkje søknaden, men det er lagt ved eit kart som viser kvar saltsteinane er tenkt utplasserte. Dette er identisk med tilsvarande kart frå søknaden i fjor, og vi reknar derfor med at også kartet over trasear (GPS-logg) som var lagt ved fjorårets søknad kan brukast som grunnlag i år. Saltsteinkøyringa blir delt på to turar, ein frå Vona til Holebotnen, og ein annan lenger sørfrå Vona til Longevasshytta. Sistnemnde tur er svært lang samanlikna med køyring frå t.d. Årdal i Jølster, og vidare praksis må bli eit moment for vurdering i forvaltingsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

### **Avgjerd**

Med heimel i Naturmangfaldlova §48, og med tilvising til verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde §2, gir Fylkesmannen Instedalen Skianlegg løyve til løypekøyring med eller utan sporleggjar frå Vonavatnet langs Nausta inn til Fosselvekråa. Løvet gjeld ein snøskuter fredagar etter klokka 16 i perioden frå dags dato til og med påskeveka 2010. I påskeveka kan det køyrast annankvar vekedag frå klokka 16, til og med søndag 4. april. Instedalen Skianlegg kan setje bort løvet.

Med heimel i Naturmangfaldlova §48 og med tilvising til verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal

landscapsvernområde §2, gir Fylkesmannen Naustdal Røde Kors Hjelpekorps løyve til løypekøyning med eller utan sporleggjar frå Vonavatnet rundt Vonafjellet om Vonastølen til Fimlandsstølen. Løyvet gjeld ein snøskuter fredagar etter klokka 16 i perioden frå dags dato til og med påskeveka 2010.

Med heimel i verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde §3, punkt 5.3 b) gir Fylkesmannen Naustdal Røde Kors Hjelpekorps løyve til utkøyning av saltstein. Løyvet gjeld ein tur med inntil to snøskuterar i kvar av desse traseane:

1. Frå Vona til nordre Holebotnen og vidare til lokalitet ved midtre Svartpøylevatnet, og i same trasé tilbake.
  2. Frå Vona om Gotdalen og over Langevatna til lokalitet nord for Longevasshytta og lokalitet på nordsida av Stigsvatnet, og i same trasé tilbake.
- Løyvet gjeld frå og med 6. april til og med 30. april 2010.

Det gjeld for samtlege løyve at dei er gitt på følgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyning skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Den som gjennomfører køyringa, må ha med kopi av dette løyvet slik at det kan leggjast fram for oppsynet eller andre.
- Det må innan 1. juni 2010 sendast ein kort rapport til Fylkesmannen om gjennomføringa av køyringa.

Løyva gjeld berre tilhøvet til verneforskriftene, slik at løyve frå grunneigarar må innhentast på vanleg måte.

Søknad om køyring til Nesstøylen i påska for å kontrollere om det er folk i terrenget, er avslått. Søknad om løypekøyning i samband med den årlege turen Årdal-Nes, er avslått.

### Klage

Avgjerda i dette brevet kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef

Tore Larsen  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:  
Direktoratet for naturforvaltning  
Naustdal kommune  
Sogn og Fjordane villreinnemnd  
Statens naturoppsyn v/Rune Holen